

<b>Styrende dokument</b>	<b>Prosess: Før tilsyn</b>	<b>Retningslinje</b>
Utarbeidet av: soamd		Utgave: 3
Sist endret: 05.07.2019	Prosesseier: Karen Johanne Baalsrud	ePhorte saksnr: 2017/192380

## Retningslinje ved påvising av lentivirus hjå småfe.

### Fag

Lentivirusinfeksjonar hjå småfe er B-sjukdom. Sjukdomsutviklinga tek lang tid og vi må bruke tid for å få oppheva restriksjonar. Viruset overlever ikkje utanfor organismen, difor er det ikkje krav om vask og desinfeksjon av fjøs. Vi har ikkje erfart smitteoverføring på utmarksbeite eller at CAE har smitta mellom sauebuskarar.

### Formål

Formålet med retningslinjene er å fremje lik handtering av småfe med mistanke om eller påvising av lentivirus. **Det er eit mål å utrydde både mædi og CAE i Noreg.**

Retningslinjene tek ikkje høgde for alle eventualitetar og det vil dukka opp tilfelle der ein må utøva skjønn.

### Virkeområde

Retningslinjene gjeld når det er mistanke om eller stadfesta tilfelle av infeksjon med lentivirus på småfe.

### Forvaltning

Opplegg for diagnostikk av sjukdomane endrar seg over tid. Mattilsynet tek ut prøvar frå mjølk, blod og obduksjon etter opplegg frå Veterinærinstituttet og forvaltar ut frå prøvesvar.

Vi opererer med CAE på geit og CAE eller mædi på sau. Det er vanskeleg å skilja desse sjukdomane i laboratoriediagnostikk, men det er forskjellige sjukdomar og oppfølginga er forskjellig. Vi må difor delvis gå gjennom dei kvar for seg.

### Diagnostikk

#### 1) CAE hjå geit:

- a) Det er **mistanke** om CAE hjå geit ved funn av eitt av følgjande punkt:
- ✓ Obduksjons- eller slaktefunn som samsvarar med det ein ventar å finna ved CAE eller
  - ✓ Kliniske funn som samsvarar med det ein ventar å finna ved CAE eller
  - ✓ Kontaktbuskarar

Usikre laboratoriesvar gjev ikkje grunnlag for mistanke, men det vil vere naudsynt å ta nye prøvar i besetningen.

- b) CAE hjå geit er **påvist** ved funn av eitt av følgjande punkt:

- ✓ Påvising av antistoff mot lentivirus i mjølk eller
- ✓ Påvising av antistoff mot lentivirus i serum eller

- ✓ Påvising av lentivirus eller
- ✓ Buskapar som er ei epidemiologisk eining med smitta buskap

## 2) CAE hjå sau:

- a) **Mistanke** om CAE hjå sau
  - ✓ Tett kontakt med buskap med CAE
- b) CAE hjå sau er **påvist** når alle følgjande punkt er oppfylt:
  - ✓ Påvising av antistoff mot lentivirus **og**
  - ✓ Tett kontakt med geitebuskap **og**
  - ✓ Ingen kjent kontakt mot buskap med mædi **og**
  - ✓ Ingen teikn til sjukdom som for mædi

## 3) Mædi hjå sau:

- a) Det er **mistanke** om mædi hjå sau ved funn av eitt av følgjande punkt:
  - ✓ Slaktefunn som gjev mistanke om mædi-visna
  - ✓ Kliniske funn som tilseier at det er mædi-visna
  - ✓ Kontaktbuskapar
  - ✓ Påvising av antistoff mot lentivirus, om tilhøva tilseier at det truleg ikkje er CAE
- b) Mædi hjå sau er **påvist** ved funn av eitt av følgjande punkt:
  - ✓ Påvising av antistoff mot lentivirus i serum og der det er kontaktar til mædi-smitta buskap eller
  - ✓ Påvising av mædi-virus eller
  - ✓ Patomorfologiske forandringar i lungene typiske for mædi eller
  - ✓ Buskapar som er i ei epidemiologisk eining med smitta buskap

## Kontaktbuskapar

- ✓ Geitebuskap som i løpet av dei siste 5 åra har levert geit til eller motteke sau eller geit frå buskap der det er påvist CAE
- ✓ Sauebuskap som i løpet av dei siste 5 åra har motteke sau eller geit frå buskap der det er påvist CAE
- ✓ Sauebuskap som i løpet av dei siste 5 åra har levert sau til eller motteke sau frå buskap der det er påvist mædi
- ✓ Buskap med risikokontakt som geitemjølkføring frå CAE-smitta buskap
- ✓ Buskap som er opphav til dyr som testar positivt for lentivirus.
- ✓ Buskap som i løpet av dei siste 5 åra har vore med i avlsgruppe der det er påvist lentivirus.

## Restriksjonar

- ✓ Ved mistanke om eller påvising av lentivirus hjå småfe skal buskapen få restriksjonar i tråd med *forskrift om tiltak mot sjukdommer og zoonotiske agens hos dyr (dyrehelseforskriften), § 28*. Restriksjonane skal også omfatte eit forbod mot å føre småfe inn i buskapen. Ved mangel på avlsmateriale kan Mattilsynet, etter søknad, tillate at hanndyr kjem inn i buskapen på permanent basis.
- ✓ Særskilde forhold ved bruk av fellesbeite og transport.
  - Buskapar der alle dyr har testa seronegativt minst 8 veker etter smittekontakt, kan få dispensasjon frå forbodet mot å bruke fellesbeite.
  - I tillegg kan ein gje dispensasjon for bruk av fellesbeite der under 5 % av dyra er seropositive. Det er en føresetnad at dei seropositive dyra samt avkom etter positive mordyr er sjalta ut. Løyvet bør ha følgande vilkår:
    - 1) Det er forbode med samtransport med andre buskapar anna enn til slakt.
    - 2) Det skal ikkje vera salteplassar.
    - 3) Om skilling av sau:

- gjerde mellom skiljekve skal hindre direkte kontakt mellom dyr i ulike kve,
- skiljing skal starte straks sauene er samla i skiljekve.

### Oppheving av restriksjonar

Ein buskap er smittefarleg så lenge det fins virusinfiserte dyr i den. Infiserte dyr vil vera infiserte resten av livet, og må bort. Alle avkom etter positive mordyr må også ut før oppheving av restriksjonane. Testinga skal tidlegast byrja 8 veker etter siste smittekontakt, men ikkje 4 veker før og etter lamming sidan dyra då er noko immunsupprimert.

#### Testregime for oppheving av restriksjonar ved mædi på sau og CAE på geit:

- ✓ Der det er påvist seropositive dyr, og desse og avkom etter desse er slakta: Buskap skal vera fri for antistoff mot lentivirus i tre år (fire testingar med eitt års mellomrom av alle dyr over eitt år) før frigjeving.
- ✓ Kontaktbuskapar der det aldri har vorte påvist seropositive dyr: Buskap skal vera fri for antistoff mot lentivirus i to år (tre testingar med eitt års mellomrom av alle dyr over eitt år) før frigjeving.
- ✓ Andre mistenkte buskapar enn kontaktbuskapar: Oppheving av mistanke etter avklaring av klinikk, obduksjon eller ny prøvetaking. Elles vert oppheving av restriksjonane som for kontaktbuskapane.

#### Testregime for oppheving av restriksjonar ved CAE på sau:

- ✓ Alle sauer over eitt år vert testa og seropositive sauer og deira avkom vert avliva. Test igjen etter eitt år med slakting av eventuelle seropositive sauer og deira avkom før oppheving av restriksjonar.
- ✓ Kontaktbuskapar skal testa negativt ein gong tidlegast 8 veker etter siste smittekontakt.

#### Oppheving av restriksjonar etter utslakting:

Ved utslakting av småfebuskap med påvist lentivirus treng ikkje nye dyr i buskapen testast for lentivirus.

Veterinærinstituttet og Animalia har nettsider om sjukdomane:

- [VI sitt faktaark om mædi](#)
- [VI sitt faktaark om CAE](#)
- [Helsetjenesten for geit om CAE](#)

## Endringer

Utgave	Godkjent	Godkjent av	Utarbeidet av	Endring
01	19.12.2011	soamd	tokje	1. utgave av dokumentet godkjent
02	21.02.2013	krlan	tokje	Sau – kriterier for kontaktbesetning og oppheving av restriksjoner
03	05.07.2019	kajba	soamd	Felles retningslinje for lentivirus.